

## **Alver kommune, Byggjesaksavdelinga.**

Gjeld søknad om frådeling av ein parsell på gnr. 351 bnr. 13 Landsvik.

Dykkar ref. 21/3008-21/33380.

Dykkar ref. 21/4215-21/33363.

### **Søknad om dispensasjon frå Plan- og bygningslova prg. 1-8./bruk av arealet m.m.**

#### **Søknad om dispensasjon frå Plan- og bygningslova prg. 1-8.**

Det er søkt om frådeling av ein parsell på om lag 600 kvm. frå gnr. 351 bnr. 13.

Parsellen skal nyttast til plassering av ein driftsbygning som skal innhalda reiskap og utstyr for eigedomen gnr. 351 bnr. 78. Parsellen sin næraste grense mot sjø er om lag 60m. Mellom parsellen og sjøen er det frå før bygd 5 hytter langs sjøen. I tillegg er det naust og flytebyggjer. Sjøarealet er her allereie privatisert og er ikkje og kan ikkje nyttast av ålmenta. Det går klart fram av situasjonskartet som låg ved søknaden. Sidan sjøområda her alt var tatt i bruk til fritidshus fann ein det ikkje naudsynt å søke om dispensasjon frå prg. 1-8 i Plan- og bygningslova. Det var ikkje lenger noko å søka om dispensasjon frå. Men sidan Alver kommune ikkje sjølv kunne vurdere dette, søker ein nå om dispensasjon frå Plan- og bygningslova prg. 1-8. Arealet ligg ikkje til sjø, arealet er ikkje i bruk til friluftsføremål og arealet har ingen verdi til fritidsføremål for ålmenta. Ein kjenner heller ikkje til at frådelinga vil kome i konflikt med anna natur eller miljøbruk. Arealet er ubukbart til jordbruksføremål.

#### **Bruk av arealet m.m.**

Arealet er planlagd skal eigast og disponerast av eigar av gnr. 351 bnr. 78. Sidan arealet ikkje har eller vil få fysisk grense med denne eigedomen kan arealet ikkje bli eit tillegg til bnr. 78. Det går klart fram av tidlegare innsendt situasjonskart. (Ein veg ligg mellom areala)

Arealet vil såleis bli ein sjølvstendig parsell eigd av eigar av bnr. 78. Parsellen skal nyttast til plassering av ein driftsbygning/uthus utan vasstilkopling eller utslepp av avlaup. Tilkomst til parsellen blir på den private vegen som parsellen vil grensa til. Bnr. 78 har frå før vegrett til denne parsellen. Noko ny vegrett eller utvida bruk av avkøyring til Fylkesvegen er derfor ikkje aktuelt. Dette gjekk klart fram av tidlegare innsendt søknad, men sidan Alver kommune ikkje såg dette blir dette nå presisert.

Vonar at desse opplysningane har gitt svar på dei spørsmål som var stilt i dykkar brev til underteikna datert 18.05. 21.

Frekhaug 22.05.21.

For tiltakshavar.

Jens H. N. Bjordal

Ansv. søker.